



SULA KOMMUNE

Har du spørsmål eller ønskjer å bestille tid?

Kontaktpersonar:

- **Langevåg skule:** Rektor Marit Tone Aasen,
Tlf: 70 19 79 06
- **PPT:** Fagleiar Synnøve Molvær Vågnes,
Tlf: 70 19 95 40/43
- **Barnevernstenesta:** Fagleiar Siw Kristin Tønnesen,
Tlf: 70 19 91 00
- **Skulehelseteneste:** Fagleiar Liv Standal,
Tlf: 70 19 91 36
- **Tiltakskoordinator:** Maren Lovise Eide,
Tlf: 90 47 91 29

SamBa

- saman om barna -



Langevåg Skuleteam

Tverrfagleg samarbeid om skulebarn
i 1. – 7. klasse, med foreldre/føresette
som viktig samarbeidspart.



SULA KOMMUNE

SamBa er utvikla av Kristiansund kommune og vidareutvikla i regi prosjekt God oppvekst i Sula kommune.

Målsetting

Hensikta med SamBa er å få ei brei tverrfagleg drøfting av problemet så tidlig som mulig, samt iverksette hjelp/tiltak ved behov.

SamBa skal være foreldre/føresatte sitt møte, der dei kan treffe aktuelle fagfolk samla. Det blir som «ei dør» inn til hjelpeapparatet istadenfor at det blir mange møter med forskjellige.

Målgruppe

Skulebarn som til dømes viser teikn til mistrivsel og/eller stress, som ikkje vil på skule, som strevar i høve til medelevar og/eller at familiesituasjonen er vanskeleg. Det kan til dømes vere sjukdom i familien, samarbeidsvanskar mellom foreldre.

Kven kan bestille tid i SamBa

Både foreldre/føresette og fagpersonar i og utanfor kommunen kan ta initiativ til å bestille tid.

Om foreldre/føresette ynskjer å bestille tid kan det gå via både skule, PPT, barnevern og helsestasjon/skulehelseteneste.

Bestilling av tverrfagleg rettleiing

Foreldre/føresette kan få hjelp til å fylle ut Bestillingsskjema. Bestillinga skal skildre kva som er forsøkt av tiltak/tilrettelegging og dagens situasjon. Det skal også vere ei skildring av kva ein ynskjer hjelp til frå SamBa teamet.

Samtykke

Foreldre/føresette er viktig samarbeidspart og skal delta i møtet. Samtykkeskjema skal fyllast ut i samband med bestilling.

Gjennomføring av SamBa

Møta blir gjennomført ved Langevåg skule.

Møte blir leia av koordinator som har ansvar for førebuing og gjennomføring av møtet. Møtet har tre fasar:

1. gjennomgang av bestilling
2. informasjon og spørsmål
3. rettleiing og forslag til tiltak / handlingsplan

Handlingsplan

Forslag til tiltak/gjeremål blir skrivne inn i *Plan for tidleg innsats*.

Foreldre/føresette får original. Skule, helsestasjon og eventuelt andre får kopi.